



## **Referat etter møte i FAU ved Nordbygdo ungdomsskule.**

**Tid for møtet: torsdag 19.05.22, kl.18.00 – 19.00**

**Stad: Nordbygdo ungdomsskule, grøn base.,**

Til: Ingrid Grønsdal Arnesen, Sara Brosvik, Camilla Bjelland, Maria Rydningen SørDAL, Frank Biringer, Sylvia Kaldestad, Solveig Grønsdal, Randi Beate Hovland, Ingeborg Hageberg, Steinar Hårde,  
Fråverande:

### **1. Uro kring rusbruk blant ungdomsskulane på Stord.**

Orientering frå skule og utekontakten.

Utekontakt Jostein Øgård orienterte om informasjon dei sat på frå ungdomsskulerelevane i Stord kommune. Det er ei gruppe på ca 30 ungdommar, jamt fordelt på dei tre ungdomsskulane, som nyttar eller har nytta hasj og eller cannabis. Det er også rapportert om ungdommar som har rusa seg på skulen. Nokre av ungdomane går på kontrakt der dei vert testa jamleg for spor av desse stoffa.

Skulen har ikkje konkrete opplysningar eller namngjevne elevane der det er mistanke om bruk av rusmidlar, men me kjenner til at det har vore nytta alkohol blant elevane våre på fritida. FAU og skulen ynskjer å kalla inn til eit felles foreldremøte der me vil dela denne uroa. Det vert samstundes lagt opp til at føresette kan snakkast saman og evt dela erfaringar eller tankar kring denne uroa.

Skulen har kontakta eksterne samarbeidspartar og vil koma med tidspunkt for møte i ei innkalling som vil gå til alle føresette ved skulen.

### **2. Anna.**

**Evaluering av skulen sitt utviklingsarbeid og omlegging av praksis dei siste åra.**

I samband med innføring av ny læreplan m.m. har skulen vore gjennom ei omlegging av organiseringa av opplæringa. FAU ber om at skulen informerer føresette om utviklingsarbeidet som har gått føre dei tre-fire siste åra. Ein ynskjer å høyra føresette og elevane sine opplevingar med skulen si organisering av opplæringa. Skulen er i dialog med FAU ang korleis ein kan gjera dette på beste måte.

Ref. Pål Roseth

-rektor-